



Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Kinn kommune

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår ref.:
19/109 - 2 / JOMY1

Dykkar ref.:

Dato:
06.09.2019

Nasjonal ramme for vindkraft - uttale frå Nye Kinn kommune

Fellesnemnda for Nye Kinn kommune har i møte 04.09.2019, sak 095/19 fatta følgjande vedtak om høyringsuttale:

- 1. Nasjonal ramme for vindkraft har ein klar svakheit ved at ikkje allereie gitte konsesjonar er teke med i vurderinga av den totale belastninga på natur og samfunn ved etablering av evt. ny vindkraft.*
- 2. Nye Kinn kommune ser svært positivt på at det gjennom Nasjonal ramme for vindkraft ikkje er anbefalt å bygge ut meir landbasert vindkraft i vår kommune, noko vi ville har vore sterkt kritisk til. Vi er vidare sterkt kritisk til at område på nordsida av Nordfjord er rekna med i eit at dei mest egna områda for vindkraft i NVE sitt framlegg. Den samla negative verknaden for Nordfjordregionen kan bli svært stor når ein rekne inn allereie gjeve konsesjonar på Mehuken, Hennøy og Bremangerlandet.*
- 3. Nye Kinn kommune stiller seg positiv til å delta i utvikling av områder for vindkraft til havs, men ser og behovet for ein kunnskapsbasert og heilskapleg forvaltning av sjøareala for å ivareta etablerte næringer som t.d fiskeri og havbruk, innan det vert tildelt løyver til etablering i vår kommune.*
- 4. Nye Kinn kommune ber om at det vert sett i gong revisjon av forvaltningsplanane, og at det kjem på plass planverk også for havområda.*

Klage

Vedtaket kan påklagast jf. *Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker §28*.
Rett klageinstans er Fylkesmannen i Vestland.

Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke jf. *Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker §29*.

Klagen skal grunngjevast og sendast Vågsøy kommune, Postboks 294, 6701 Måløy eller på e-post til post@vagsoy.kommune.no.

Rett til dokumentinnsyn

Søkker har rett til dokumentinnsyn etter Forvaltningslova §27 jfr. §§ 18 og 19.


Helsing

Jon Even Myre
prosjektkoordinator

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg

Nasjonal ramme for vindkraft - uttale frå nye Kinn kommune



Fellesnemnda for Nye Kinn kommune

Arkiv: FA-S40, FA-S41
JournalpostID: 19/459
Sakshandsamar: Rolf Bjarne Sund
Dato: 25.08.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
095/19	Fellesnemnda for Nye Kinn kommune	04.09.2019

Nasjonal ramme for vindkraft - uttale frå nye Kinn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Nasjonal ramme for vindkraft har ein klar svakheit ved at ikkje allereie gitte konsesjonar er teke med i vurderinga av den totale belastninga på natur og samfunn ved etablering av evt. ny vindkraft.
2. Nye Kinn kommune ser svært positivt på at det gjennom Nasjonal ramme for vindkraft ikkje er anbefalt å bygge ut meir landbasert vindkraft i vår kommune, noko vi ville ha vore sterkt kritisk til. Vi er vidare sterkt kritisk til at område på nordsida av Nordfjord er rekna med i eit at dei mest egna områda for vindkraft i NVE sitt framlegg. Den samla negative verknaden for Nordfjordregionen kan bli svært stor når ein rekne inn allereie gjeve konsesjonar på Mehuken, Hennøy og Bremangerlandet.
3. Nye Kinn kommune vil stille seg positivt til å delta i utvikling av område for vindkraft til havs. Dette vil passe svært godt inn i vår eksisterande næringsstruktur og ikkje minst vil det vere i samsvar med kommunen sine mål for utvikling av kommunen og regionen.

Fellesnemnda for Nye Kinn kommune 04.09.2019:

Handsaming:

Endringsframlegg, foreslått av Solveig Willis, Flora Arbeidarparti

Endringsframlegg frå AP:

Nytt punkt 3 som erstatter punkt 3 i framlegg til vedtak frå rådmann, og tilleggspunkt 4:

3. Nye Kinn kommune stiller seg positiv til å delta i utvikling av områder for vindkraft til havs, men ser og behovet for ein kunnskapsbasert og heilskapleg forvaltning av sjøareala for å ivareta etablerte næringer som t.d fiskeri og havbruk, innan det vert tildelt løyver til etablering i vår kommune.
4. Nye Kinn kommune ber om at det vert sett i gong revisjon av forvaltningsplanane, og at det kjem på plass planverk også for havområda.

Grunngjeving:

Vindkraft til havs krev tilgang til areal til liks med andre etablerte næringer i kystnære strøk. I havområda utanfor nye Kinn Kommune har vi i dag viktige ressursar og etablerte næringar som

bl.a. fiskeri, olje og oppdrett.

Det er naudsynt å sikre at areal i sjø vert forvalta best mulig, at vi ivaretek ein vidare utvikling av etablerte næringar, samstundes som det vert rom for nyetableringar.

For å oppnå dette må det snarast på plass reguleringsplaner også for havområdene.

Nye Kinn Kommune ser det og som særskilt viktig at det foreligg tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag før tillatelse til nyetableringar vert gitt, nettopp for å unngå konflikt situasjonar som ein nå ser i samband med mange av etableringane av vindkraft anlegg på land.

Representanten Solveig Willis fremma endringsframlegg.

Votering:

Prosjektrådmannen sitt framlegg med representanten Solveig Willis sitt endringsframlegg samrøystes vedtatt.

KIFN- 095/19 Vedtak:

1. Nasjonal ramme for vindkraft har ein klar svakheit ved at ikkje allereie gitte konsesjonar er teke med i vurderinga av den totale belastninga på natur og samfunn ved etablering av evt. ny vindkraft.
2. Nye Kinn kommune ser svært positivt på at det gjennom Nasjonal ramme for vindkraft ikkje er anbefalt å bygge ut meir landbasert vindkraft i vår kommune, noko vi ville ha vore sterkt kritisk til. Vi er vidare sterkt kritisk til at område på nordsida av Nordfjord er rekna med i eit at dei mest eigna områda for vindkraft i NVE sitt framlegg. Den samla negative verknaden for Nordfjordregionen kan bli svært stor når ein rekne inn allereie gjeve konsesjonar på Mehuken, Hennøy og Bremangerlandet.
3. Nye Kinn kommune stiller seg positiv til å delta i utvikling av områder for vindkraft til havs, men ser og behovet for ein kunnskapsbasert og heilskapleg forvaltning av sjøareala for å ivareta etablerte næringar som t.d fiskeri og havbruk, innan det vert tildelt løyver til etablering i vår kommune.
4. Nye Kinn kommune ber om at det vert sett i gong revisjon av forvaltningsplanane, og at det kjem på plass planverk også for havområda.

Bakgrunn for saka:

Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) har på oppdrag frå Olje- og energidepartementet (OED) laga eit forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land. NVE sitt forslag består av to delar; eit oppdaterte kunnskapsgrunnlag og eit kart over dei mest eigna områda for vindkraft.

Saksopplysningar:

Samandrag henta frå NVE:

Olje- og energidepartementet (OED) ga i brev av 9.2.2017 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å lede eit arbeid med å lage eit forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land. Forslaget skulle innehalde eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for landbasert vindkraft og kart med forslag til dei mest eigna områda for lokalisering av vindkraft.

Kunnskapsgrunnlag om miljø- og samfunnsvirkningar

Den eine delen av NVEs forslag til nasjonal ramme er eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om korleis vindkraft kan påverke miljø- og samfunnsinteresser. Kunnskapsgrunnlaget består av:

- 21 [temarapportar](#) med oppdatert fagleg kunnskap

- vurderinger av krølleis fagkunnskapen bør brukast i vindkraftsaker

Det er mange miljø- og samfunnsinteresser som kan bli påverka av vindkraftutbygging. Det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget er eit resultat av eit breitt og omfattende arbeid som har involvert mange fagmiljø. Det har blitt utarbeida 21 temarapportar om eit breitt spekter av interesser som kan bli påverka av vindkraftutbygging. Miljødirektoratet og Riksantikvaren har vore ansvarleg for ni av rapportane, og NVE har hatt ansvar for resten.

Temarapportane er basert på gjennomgang av norske og internasjonale forskningsartiklar og anna litteratur, erfaringar frå tidlegare konsesjonsbehandling av vindkraftsaker og erfaringer frå vindkraftverk i drift. Nasjonale fagmyndigheter og andre med ansvar innafor dei ulike temaene har vore invitert til å delta aktivt i utarbeidinga av rapportane. Dette er den mest omfattande kunnskapsgjennomgangen som har vore gjort av miljø- og samfunnsvirkningar av vindkraftverk i Norge. Det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget gir eit godt grunnlag for å foreta vurderingar om lokalisering av landbaserte vindkraftverk i åra framover.

Oppdatering av temarapportane

NVE meiner at temarapportane bør oppdaterast når det foreligg ny, vesentleg kunnskap på fagområdet. I den framtidige konsesjonsbehandlinga vil det vere verdifullt med eit mest mogeleg omforent kunnskapsgrunnlag mellom statlege myndigheter. Vi anbefaler at temarapportane i framtida blir publisert i samarbeid mellom NVE og andre etater.

Kart over dei mest eigna områda for nye vindkraftverk

Den andre delen av NVEs forslag til nasjonal ramme er eit kart med dei 13 områda som vi meiner er mest eigna for ny vindkraftutbygging i Norge ([link](#)). I arbeidet med å peike ut desse områda har både NVE og andre fagmyndigheter gjort [omfattande geografiske analyser](#) som bygger på det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget. NVE har lagt stor vekt på dei faglege bidraga frå andre myndigheter. Vi meiner at både teknisk-økonomiske homsyn og miljø- og samfunnsinteresser er godt ivaretatt i kartet som vi legg fram.

Områda er godt spreidd i Norge, og berører alle fylke med unntak av Oslo, Akershus, Oppland og Troms. Dei fleste områda ligg mellom kyststripa og høgfjellet. Til trass for at mange arealar i Nord-Norge har dei beste produksjonsforholda for vindkraft, foreslår vi å peike ut flest områder i Sør-Norge. Det kjem av at vi har lagt mykje vekt på omsynet til samisk reindrift og begrensa nettkapasitet i Nord-Norge. Dei utpeikte områda har eit samla areal på ca. 29 000 km². Vi har publisert ei [kartløyising](#) som kan nyttast for å sjå nærare på dei utpeikte områda og andre relevante kartlag.

Alle relevante dokument finnast på NVE sine heimesider [her](#).


Vurderingar:

Kinn kommune er vurdert saman med Bremanger, Stad og kommunane på søre Sunnmøre i analyseområde 20 (vist på figur 1 under).



Figur 1: Kart over analyseområde 20. Bakgrunnskart: © Kartverket.

Etter at den totale analysen er gjennomført står ein igjen med eit avgrensa anbefalt område i Nordfjord og Sunnmøre som er markert med grønt i figur 2 under. Den viser og to anbefalte områder sør for oss; Ytre Sunnfjord/Sogn og Nordhordaland/Gulen.



Figur 2: Områder anbefalt for vindkraftutbygging.

Det som er spesielt for vårt område (Flora, Bremanger og Vågsøy) er at her er det allerede bygd eller under bygging fleire vindkraftverk (oversiktskart i figur 3 under).

- Mehuken vindkraftverk stod ferdig i 2001. 11 turbinar, konsesjonsgitt 7MW.
- Bremangerlandet Vindkraftverk. Konsesjonsgitt 80 MW. Under planlegging.
- Hennøy vindkraftverk. Konsesjonsgitt 50 MW. 12 turbinar. Under bygging.
- Guleslettene vindkraftverk. Konsesjonsgitt 195 MW. 48 turbinar. Under bygging.

Desse kommunane er såleis allerede berørt i stor grad. For å gje eit korrekt bilete av situasjonen burde kartet med anbefalte områder for vindkraft også vist dei anlegga som allerede er bygd og konsesjonsgitt.



Figur 3: Vindkraftutbygging i Flora, Bremanger og Vågsøy

Utbygging av vindkraft i Norge er eit politisk bestillingsverk. Om det er rett å bygge og kor ein skal bygge er det sterke meiningar om. Særleg oppstår det steile frontar når det kjem ned til dei konkrete lokaliseringane og realiseringane ute i kommunane. For å få til ein samla plan og ei samla vurderinga har NVE fått oppdraget med å utgreie eigna lokaliseringar for landbaserte vinkraftverk i heile landet sett under eitt.

Rådmannen meiner at NVE har gjort eit godt fagleg grunnlagsarbeid for å peike ut dei mest eigna områda for landbasert vindkraft basert på dei kriteria som er gitt. Rådmannen har ikkje tilstrekkeleg fagkunnskap utover den utgreiinga som er gjort til å imøtegå den. Rådmannen registrerer at Kinn kommune ikkje ligg inne i anbefalte områder for nye vindkraftverk og ser positivt på det.

Rådmannen vil gjerne legge til ein generell kommentar om dagens praksis med utbygging av vindkraft. Rådmannen meiner at slik dagens regime er bygd opp så får berørte kommunar og grunneigarar for lite igjen for dei areal dei avstår og den ulempe slik utbygging medfører. Samanlikna med vasskraftutbygging så sit kommunane og grunneigarane igjen med svært lite av den verdiskapinga areala gir. På lik linje med vasskrafta er dette naturressursar som blir utnytta, og

dei som sit på ressursane burde få meir att enn det som er tilfelle i dag. Rådmannen er og generelt kritisk til å bygge ned så mykje av vestlandsnaturen i eit langsiktig perspektiv. Det er store inngrep med til dels store konsekvensar for dyreliv og det biologiske mangfaldet.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder: